



BYGGFIRMA KJELL HØYLAND AS  
Postboks 26

5486 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2021/2021-12		21.12.2021

## ENDRINGSLØYVE – delegert vedtak

Endringa gjeld:	Hovudombygging
Tiltak:	Tilbygg og opprusting av einebustad
Gnr/bnr:	96/1
Byggestad/adresse:	Landavegen 22, 5464 Dimmelsvik
Tiltakshavar:	Natalie M. og Bjørn Anders M. Sæberg, Guddalsvegen 117, 5472 Seimsfoss
Ansvarleg søker:	Byggfirma Høyland AS, Postboks 26, 5486 Rosendal
Matrikkel:	BYA: 93 m2 BTA: H01 56 m2 - U01 54 m2 BRA: H01 46 m2 – 44 m2

### Delegert vedtaksnr: 2021/762

#### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova (plbl.) §§ 20-1 og 20-3 vert søknad journalført 14.12.2021 med tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for følgjande firma:

- *Byggfirma Kjell Høyland AS – SØK, PRO/UTF – trearbeid/betong*
- *K. Hjelmeland AS – PRO/UTF – grunnarbeid/graving*
- *Into Elektro AS – PRO/UTF – røyrlegging*
- *Fonnatakst AS – uavhengig kontroll*

#### Tiltaket kan igongsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Det må søkjast om endring dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter plbl. § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### Grunnlag for løyvet

- Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp og tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn- og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.
- Ved hovudombygging må heile tiltaket må tilfredsstilla krava i Tek17.
- Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Naboar og gjenbuarar er ikkje varsla, då endringane er små.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheiter.

### Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søker som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for handsamingsgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med plbl. § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

*Anbjørn Høivik  
Sektorleiar Samfunnsutvikling*

*Brevet er oppretta elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningsutvalet